

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035

Vedteken KS 24/123, 12.09.2024

Planen er eit overordna, operativ dokument som gir oss retninga i arbeidet med fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett.



Innhald

1.)	Innleiing	3
2.)	Utviklingstrekk.....	5
3.)	Samfunnet vi skal skape	6
4.)	Aktivitetsvennleg samfunn.....	7
5.)	Alle med.....	10
6.)	Infrastruktur og anlegg.....	12
7.)	Samarbeid og samskaping.....	14
8.)	Premissar for gjennomføring	16
9.)	Vedlegg.....	17

1.) Innleiing

«Stad kommune er eit livskraftig og trygt samfunn der alle dreg i lag»


Fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett spelar ein sentral rolle for å skape eit livskraftig samfunn. Fysisk aktivitet er bra for oss, for samfunnet vårt og for jorda vår. Å legge til rette for fysisk aktivitet er sektorovergripande og det er avhengig at mange samarbeide om det. Fysisk aktivitet må vere eit naturleg og enkelt val i alle fasar i livet og skal bidra til å skape eit friskt samfunn.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett dannar rammene for den lokale idrettspolitikken, både for organiserte og eigenorganiserte aktivitetar. Planen vil gi føringar for både arealbruk, søknads- og spelemiddelordningar og anleggsutvikling i kommunen. Planen skal vere det overordna operative dokumentet som gir oss retninga i arbeidet med fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett.

Avgrensing

Kommunedelplanen er avgrensa til å gjelde for idrett og friluftsliv, slik omgrepa blir definert og forstått i Kulturdepartementet si stortingsmelding. Planen utgjere med dette berre eit av fleire strategiske verktøy for folkehelsearbeidet i Stad kommune.

- Med **idrett** meiner vi aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.
- **Friluftsliv** blir definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar.
- **Fysisk aktivitet** er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, inkludert friluftsliv og aktivitetar prega av lek.



Figur 1: Eit aktivt liv. Kjelde: Dahlgren & Whiteheads modell, tilpassa.

Oppbygging av planen

Planen består av ein hovuddel og eit kunnskapsgrunnlag. Hovuddelen er det operative dokumentet. Den inneheld hovudmål som beskriver det vi vil oppnå i framtida. Vidare har vi valt innsatsområde som skildrar kva vi må prioritere for å oppnå målsetningane. Kvart innsatsområde har underliggende strategiar. Strategiar er vegvala vi må ta for å utvikle oss i ønska retning. I tillegg skildrar vi under kvart innsatsområdet handlingsrommet – altså handlingar som støtte opp under innsatsområda og strategiane. Kunnskapsgrunnlaget gjev oss den nødvendige kunnskapen og forståing for å følge opp våre mål og strategiar. Planen er tematisk, det vil seie ikkje juridisk bindande når det gjeld disponering av areal. Den må derfor knytast opp mot kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar, eller byggesøknader, for å oppnå heimel.

Kva skal denne planen løyse?

Formålet med denne planen er å sette ei retning for utviklinga innan fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett i Stad kommune dei neste 12 åra. Kommunen skal vere ein aktiv tilrettelegger, samskapingspartner, og arealforvaltar for friluftsliv og fysisk aktivitet. Planen skal hjelpe oss å løyse dei utfordringane som Stad kommune står ovanfor. Sentrale utviklingstrekk er skildra i kapittel 2.

Planen skal vere eit styringsverktøy som kan brukast saman med frivillige lag og organisasjonar og andre aktørar.

Det er ein langsiktig plan som peika ut retning og strategiske satsingar, men går ikkje i detaljar i planlegging for konkrete prosjekt som til dømes nye anlegg, plassering med meir.

2.) Utviklingstrekk



Endringane i aldersfordelinga vil utfordre oss sterkt ved at vi må flytte ressursar frå færre unge til fleire eldre. I 2025 vil Stad har fleire eldre enn barn. Nærmiljøet, aktivitetstilbodet og infrastruktur må i større grad leggest til rette for eit aldersvennleg samfunn.



God helse. Helse vår vart stadig betre, og det er samla sett låg sosial ulikskap i helse i Stad. Helse er ikkje berre eit resultat av individuelle forhold og levevaner, men påverka også av levekår og strukturelle forhold som inntekt, arbeid, oppvekst, utdanning og bu- og nærmiljø.



Redusert aktivitetsnivå hjå barn og unge.

Vi ser at den nasjonale trenden med reduksjon i aktivitetsnivå med aukande alder også gjeld i Stad kommune. Barn bruker meir tid på å sitte i ro dess eldre dei blir.



Å få alle inn i aktivitet. Vi veit at i kor stor grad vi er fysisk aktive er relatert til alder, sosiale forhold som utdanning, økonomi og levekår, funksjonsevne og opphav:

- Uføre, innvandrarar og eldre er dei gruppene som trener og bevege seg minst.
- Mange personar med nedsett funksjonsevne opplev idrett og friluftsliv som utilgjengeleg og at det finns mange barrierar knytt til fysisk aktivitet.
- Dei som har lenger utdanning og høgare inntekt har gunstigare levevanar enn dei som har kortare utdanning og lågare inntekt.



Turmoglegheiter og friluftsliv. Stad kommune har fantastisk natur og eit veldig variert tilbod av friluftslivsmoglegheiter som naturmøteplassar, topptur på ski og til fots, sykling, surfing, klatring og kajakk. Det er blitt gjort ein stor innsats med kartlegging og merking av turstiar.



Geografisk forskjell i tilbod. Stad kommune vart etablert 1. januar 2020 ved samanslåing av Eid og Selje kommunar og

krinsen Bryggja som del av tidlegare Vågsøy kommune. Nordfjordeid som kommunesenter tilbyr tenester og infrastruktur for heile kommunen, og har varierte organiserte aktivitetstilbod. I lokalsenter og lokale knutepunkt er tilbodet mindre variert. Eit variert tilbod er viktig for å få fleire inn i aktivitet.



Utfordrande topografi for kvardagsaktivitet som gåing og sykling i store delar av kommunen.

Stad er ein langstrakt og spreiddbygd kommune med 120 kilometer reiseveg frå vestlegaste busetnad ved Stadhavet til dei austlegaste bygdene ved Hornindalsvatnet. Terrenget i Stad kommune er typisk vestlandsterreng med fjord og fjell, og delvis bratt terreng. Topografien og klimaet med mykje nedbør, er ei naturleg utfordring for gang- og sykkeltransport. Bilbruken er derfor ganske høg.



Mangel på kollektivtransport.

Kollektivtilbodet i Stad er pr dag dårleg og fragmentert – i all hovudsak avgrensa til skuleruter med buss og nokre få kommersielle ekspressbussruter. Det manglar eit samla og tilstrekkeleg kollektivtilbod i Nordfjord som gjer det mogleg for fleire å velje kollektivtrafikk i fritida. Dårleg kollektivtransport gjer at mange barn og unge er avhengig av at foreldrekyring. Dette kan vere ekskluderande og fører til tidlegare fråfall.



Sterk frivilligheit og høgt aktivitetsnivå.

Stad har ei sterk og brei samansett frivilligheit og det høgaste aktivitetsnivået finner vi hos idrettsorganisasjonar. Organisasjonane arrangerer eit svært breidd spekter av aktivitetar.



Rekruttering inn i frivillige organisasjonar.

Organisasjonane opplev rekruttering av tillitsvalte, medlemmer og frivillige som forholdsvis vanskeleg. Folk har for mykje å gjere slik at dei finn ikkje tid til frivilligheit i ein travel kvardag.

3.) Samfunnet vi skal skape

Hovudmål

Stad kommune støtter opp under regjeringa sine mål som er skildra i den [nasjonale handlingsplanen for fysisk aktivitet](#).


« Stad kommune er eit aktivitetsvennleg samfunn der alle kan utøve fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett gjennom heile livet.»

«Saman om betre idretts- og nærmiljøanlegg som møter dagens og framtidens behov.»

Dette satsar vi på!

For å oppnå desse måla har vi valt 4 innsatsområde:

1. Tilrettelegging for eit **aktivitetsvennleg samfunn**
2. **Alle med** i aktivitet
3. Behovstilpassa **infrastruktur og anlegg**
4. Tilrettelegging for **samarbeid og samskaping**



4.) Aktivitetsvennleg samfunn

Eit aktivitetsvennleg samfunn skal gjere det attraktivt og enkelt å vere aktiv på eigenhand og delta i organiserte aktivitetar. Potensialet ligg i at fleire er aktive, at vi er meir aktive når vi først er aktive, og at vi vel å vere aktive oftare. Dette kan gi stor berekraftig og samfunnsøkonomisk gevinst, og betyr mykje for den enkelte.

Strategi 1: Arealplanlegging som fremmar fysisk aktivitet

Det er viktig at samfunnet vårt og omgjevnadane er tilrettelagt for fysisk aktivitet i kvardagen. Dette gjer vi gjennom fysisk utforming av leverommet vårt. Vi må bevisst velje dei løysingane som bidra til auka fysisk aktivitet og sunne livsstil. Tilgang til nærmiljø, nærleik til viktige funksjoner i dagleglivet, tilrettelagte gang- og sykkelveggar og fleire-generasjonsleikeplassar er døme på korleis vi kan legge til rette for meir fysisk aktivitet.

Strategi 2: Jobbe for integrererer fysisk aktivitet og friluftsliv tilstrekkeleg i kvardagen

Dagleg fysisk aktivitet vert utfordra av trendar som digitalisering, skjermbruk og bilbruk. Det er viktig å vere aktiv i kvardagen ved å ha eit bevisst forhold mellom stillesitting og fysisk aktivitet. Vala vi tar i kvardagen betyr noko for helsa vår og miljøet vårt. Små grep kan bidra til meir fysisk aktivitet og betre helse.

Skular spiller ein nøkkelrolle for å sikre tilstrekkeleg fysisk aktivitet i kvardagen til barn og unge. Fysisk aktivitet i skulen gjev barn moglegheit til å oppnå betre fysisk og psykisk helge og bidra til å utjamne helseforskjellar.

Strategi 3: Sikre gode og tilgjengelege nærmiljø med naturvenleg tilrettelegging

Det er viktig med attraktive og tilgjengeleg friluftsansaal og lågterskelanlegg som turløyper og naturmøteplassar nær der folk bur. Folk som har god tilgang til natur og grøntområde, møteplassar og opplevingar er i gjennomsnitt meir fysisk aktive og har betre helse og livskvalitet. Naturen betyr for mange gode opplevingar og gir moglegheit til fysisk aktivitet heile året. Å identifisere, ta i vare og utvikle viktige stiar, turveggar, løyper og leier i nærmiljø er difor viktig.

Vi legg Miljødirektoratet sine prinsippa [for naturvenleg tilrettelegging for friluftsliv](#) til grunn for gjennomføring av tiltak. Mellom anna inneber dette at vi samla og avgrense inngrepa, nyttar landskapet og terrenget på best måte, varierer graden av tilrettelegging og nyttar stadeigne og klimatilpassa løysingar. Fysiske tiltak vert konsentrert nær tettstader og busetnad der flest mogleg har tilkomst utan bil. Dette gjeld særleg for universell utforma tiltak og større fysiske tiltak.

Strategi 4: Sikre større turområde utan tilrettelegging

For friluftslivet har det ein stor verdi å sikre tilgangen på større turområde utan særleg grad av tilrettelegging. Det blir stadig mindre urørt natur i Norge, og naturinngrep og arealbruksendringar er den viktigaste enkeltfaktoren bak naturtapet. Auka turisme gjev også eit auka trykk på naturområda våre, og vi må derfor tenkje langsiktig om korleis vi ønskjer å legge til rette for ferdsel i område som i dag er meir eller mindre urørt.

Fysisk tilrettelegging for friluftsliv i slike område bør skje etter ei heilskapleg vurdering av *om, kvar, for kven* og *korleis* ein skal legge til rette. Ein bør først og fremst etterstrebe tilrettelegging i nærturterreng framfor i større turområde med liten eller ingen grad av tilrettelegging.

Strategi 5: Jobbe for inkluderande, varierte og inspirerande skule- og barnehageområde som fremmar fysisk aktivitet og leik

Som ein av dei viktigaste sosiale møteplassane i nærmiljøet er skule- og barnhageområde eit viktig satsingsområde for eigenorganisert aktivitet. Eit allsidig og variert skule- og barnehageområde er ein helsefremmande arena for fysisk aktivitet, trivsel, motorisk utvikling og læring.



Sånn gjer vi det! - Handlingsrom

- Gjennom god arealplanlegging set vi av tilstrekkeleg areal med god kvalitet til fysisk aktivitet, sosial integrasjon og rekreasjon
- Legge til rette for tilstrekkeleg fysisk aktivitet i skulen
- Vidareutvikle og ivareta skule- og barnehageområde
- Legge til rette for gåing og sykling i kommunesenter og lokale senter, og lokale knutepunkt der det er hensiktsmessig
- Utvikle trygge og funksjonelle nærmiljø som innbyr til fysisk aktivitet
- Stryke og vidareutvikle dagsturhyttane
- Lage detaljerte planar for tilretteleggingstiltak i forkant av sjølve tilrettelegginga og avklare med «plan og forvaltning» om det er søknadspliktige tiltak
- God rettleiing og tilgjengeleg informasjon til frivillige lag og organisasjonar om tiltak i natur og friluftsområde
- Haldningsskapande arbeid som fremmar fysisk aktivitet
- Utvikle fleire-generasjonsleikeplassar som stimulere til fysisk aktivitet og fellesskap.
- Gjere kjent støtteordningar som ligg under UKL på Stadlandet for tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv
- Tilrettelagt tilkomst, skilting, parkering, toalett og bossdunk i populære område.
- Jobbe for finansiering av tiltak som gjeld vedlikehald av turstiar
- Legge til rette for at kommunale tilsette er meir aktiv i kvardagen.
- Styrke og vidareutvikle Frisklivsentralen

5.) Alle med

Vi ønskjer å legge til rette for at så mange som mogleg kan vere fysisk aktiv. Deltaking i fysisk aktivitet kan vere ein fin arena for å oppleve mangfald, inkludering, tryggleik og trivsel.

Strategi 1: Skape inkluderande aktivitet og ha opne og tilgjengelege anlegg

Kommunen skal bidra til å skape gode og inkluderande arena for å vere fysisk aktiv. For mange er fysisk aktivitet ein sosial møteplass og tilrettelegging for at alle kan delta er derfor viktig. Det er også viktig å få fokus på målgrupper vi kjenner til er mindre aktive. Her kan vi nemne personar med nedsett funksjonsevne, personar med innvandrarbakgrunn, eldre og familiar med låg inntekt og utdanning.

Strategi 2: Legge til rette for at så mange så mogleg kan oppleve organisert og eigenorganisert aktivitet gjennom universell utforming

Alle anlegga og område i Stad skal vere universell utforma der det er hensiktsmessig utan å vere negativt for naturen og opplevingar. Kommunesenteret og lokalsentra skal ha tilgang på minst eitt universell utforma nærmiljøanlegg i nærleiken av sentrum.

Universell utforming av våre bebygde omgjevnadar krev nytenking. Dette inneber universelle tiltak retta mot heile befolkninga på arenaer som femner alle, med tidleg innsats og like moglegheiter for alle. Samtidig trengs det også målretta tiltak mot ulike målgrupper i befolkninga som treng tilpassa oppfølging.

Strategi 3: Jobbe for økonomisk handlingsrom for å sikre deltaking for alle

Kostnadane for deltaking er ein barriere for mange. Spesielt enkelte idrettar er kostbare å vere med på. Dette kan vere ekskludere. Medlemskontingentar, trenings- og deltakaravgift har auka dei siste åra som igjen fører til fråfall.

Sånn gjer vi det! Handlingsrom

- Støtte opp under utvikling av uformelle møteplassar
- Auke fokus på universell utforming og moglegheita for deltaking blant menneskjer med nedsett funksjonsevne
- Søkje eksterne midlar som fremmar organiserte og eigenorganiserte aktivitetar
- Legge til rette til for at frivillige lag og organisasjonar kan søkje på eksterne midlar gjennom t.d. tilskotsportalen
- Vidareføre tilskotsordning kulturmidlar
- Følgje opp samarbeidsavtalar med frivillige lag og organisasjonar
- Kompetanseheving for frivillige organisasjonar
- Styrke og utvikle BUA
- Legge til rette for betre kollektiv transport som gir fleire moglegheit til å delta på aktivitetar
- Vidareutvikle informasjonskanalar for marknadsføring av aktivitetar, møteplassar mm
- Jobbe for opne og tilgjengelege gymsalar og redusert halleige



6.) Infrastruktur og anlegg

Velfungerande og tilrettelagt infrastruktur og anlegg er bærebjelken for eit aktivt samfunn. Infrastruktur skal gi befolkninga moglegheit til å drive fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv både i regi av frivillige organisasjonar og gjennom eigenorganisert aktivitet.

Strategi 1: Utbygging og prioritering av anlegg skal skje med bakgrunn i behovsanalyser

Eit anlegg for idrett og fysisk aktivitet må brukast dersom det skal vere eit godt idrettsanlegg. For å sikre at eit anlegg blir brukt, bør behovet for anlegget kartleggast, og tiltenkte brukare involverast i prosessen. Vi må vurdere anleggsbehov i samsvar med aktivitetane som drivast og som blir etterspurt dei åra som kjem. I tillegg må vi ta omsyn til den demografiske utviklinga som er venta.

Strategi 2: Nye og eksisterande anlegg er tilpassa framtidens befolkningssamansetning og er i større grad tilrettelagt for eldre.

Demografiske endringar vil utfordre oss. Vi veit at vi blir fleire eldre i framtida, og difor må vi legge til rette for eit aldersvennleg samfunn der fysisk aktivitet er ein naturleg val for alle gjennom heile livet.

Vi må flytte ressursar frå mange unge til fleire eldre. Demografiske endringar vil stille nye krav til anleggspolitikken og vi må tenkje nyskapande rundt anlegga våre. Rett anlegg på rett plass er eit viktig prinsipp.

Strategi 3: Jobbe for samlokalisering og fleirbruk av anlegg

Anlegg for idrett, nærmiljø og friluftsliv skal vere ein ressurs for nærmiljøet, og det bør planleggast for sambruk eller samlokalisering av slike anlegg med skular og andre offentlege funksjoner.

Strategi 4: Jobbe for nyskapande og inspirerande anlegg

Nyskapande anlegg er eit verkemiddel for å motivere grupper i befolkning som er lite fysisk aktive frå før. Kommunen skal bidra til å utvikle nyskapande og attraktive anleggtypar.

Strategi 5: Utvikling og drift av anlegg skal baserast på klima- og miljøvennlege val.

Eit berekraftig bygg eller anlegg skal skape varige verdiar for brukarane, i form av sosiale kvalitetar, låge driftskostnader og høg bruksverdi som følge av trivsel, helse og produktivitet.

På likt linje med andre byggeprosjekt skal også nye idrettsanlegg ta omsyn til klima og miljø. Dette kan mellom anna gjerast ved å avgrense inngrep i natur- og kulturlandskap, legge til rette for miljøvennlege transportløyningar, gjere miljøbevisste materialval, og bruke miljøvennlege energikjelder. Energieffektivisering og ombruk er viktige tiltak innanfor drift og vedlikehald.



Sånn gjer vi det! – Handlingsrom

- Utarbeide behovsanalyser som tar høgde for demografisk utvikling, levekår, bustadsattraktivitet og barn og unges oppvekst.
- Vedlikehald av eksisterande anlegg og infrastruktur
- Nytte seg av tilskotsordningar som gi støtte til nyskapande anlegg, klimavenleg bygg, ombruk mm.
- Jobbe for kostnadsfri forskotering av spelemidlar.
- Styrke tilgjengelegheit og informasjon om anlegg og infrastruktur
- Meir energieffektive anlegg og byggingar og ombruk av utstyr og anlegg
- Støtte opp under nye trendar og innovasjon
- Gjennomgang av rutinar og retningslinjer for spelemidlar og innspel til handlingsplanen

7.) Samarbeid og samskaping

Gjennom idrettspolitisk dialog, samarbeid og kompetanseheving kan vi oppnå den samfunnsutviklinga vi ønskjer.

Deltaking i frivilligheita gir menneskjer moglegheita til å realisere interessene sine og til å bidra til nærmiljøet. Frivillige organisasjonar gir menneskjer kjensle av lokal identitet, tilhøyrse og fellesskap. Det skaper gode og inkluderande lokalmiljø og styrker demokratiet. For at frivilligheita skal kunne bidra meir må kommunen legge til rette for eit godt samarbeid på frivilligheita sine premisser.

Strategi 1: Legge til rette for utvikling i regi av frivillige lag og organisasjonar

Idrettslagane gjer ein betydeleg innsats rundt planlegging, bygging og utvikling av anlegg. Kommunen skal støtte opp under engasjementet og innsatsen til frivillige lag og organisasjonar. Kommunen har ein viktig rolle som avtalepartner, rådgivar og økonomisk støttespiller.

Stad idrettsråd er bindeledd mellom kommunen og idretten. Rådet er også ein arena for samarbeid mellom dei ulike idrettslag.

Strategi 2: Bruke samskapingsteam for å finne meir effektive måte å løyse utfordringar i lag og utvikle kommunen

Samskaping handlar mellom anna om å identifisere problemet saman med dei det gjeld for å finne, velje og gjennomføre løysingar i lag. Vi skal legge til rette for at aktørar i lokalsamfunnet kan få delta i utviklinga av infrastruktur og aktivitetar både i regi av private og kommunen. Stad kommune skal vere ein viktig samarbeidspartnar og rådgjevar for idretten for å støtte aktørane og bidra med kunnskap.

Strategi 3: Oppretthalde god dialog og samarbeid med Vestland fylkeskommune og andre regionale aktørar

Vestland fylkeskommune er ein sentral aktør innan fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett. Gjennom regionale planar legg fylkeskommunen føringar for kommunen sitt arbeid. I tillegg forvaltar fylkeskommunen ei rekke tilskotsordningar. Gjennom retningslinjer og søknadskrav påverkar fylkeskommunen ønska utvikling innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Sånn gjer vi det! – Handlingsrom

- Ha til ein kvar tid kontaktpersonar innan fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett og spelemidlarordninga.
- Tydleg informasjon om kontaktpersonar og samskapingsteam på heimeside og marknadsføring av tilskotsordningar
- Arrangere samlingar som til dømes frivilligkveld
- Styrke samarbeid med Stad idrettsråd - Samarbeidsavtale mellom Stad kommune og Stad idrettsråd.
- Nytte seg av regionale nettverk, webinarar, dialogmøte, mm.
- Etablere frivilligråd
- Synleggjere frivillige lag og organisjonar og deira aktivitet
- God og aktiv bruk av kommunal frivilligpolitikk



8.) Premissar for gjennomføring

Samarbeid og samskaping er ein premiss for gjennomføring av planen. For å lykkast med å vere eit aktivtetsvennleg samfunn må vi dreg i lag. Utvikling i regi av frivillige lag og organisasjonar og næringsliv vil spele ein enda viktigare rolle i framtida enn det gjer i dag. Samskaping og samarbeid utgjer eit eiga innsatsområde i planen.

Finansiering

Gjennomføring av KDP for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett vil mellom anna skje gjennom bruk av kommunale drifts- og investeringsmidlar. Fordeling av kommunale løyvingar skjer gjennom dei årlege budsjett- og økonomiplanprosessane. Dette er rammer for kommunen sine eigne midlar fordelt på investeringstiltak og tiltak til drift og vedlikehald. Kommunestyret vedtek økonomiske rammer i desember kvart år for påfølgjande budsjett- og økonomiplanperiode. Tiltak som er knytt til bygging av nye anlegg eller rehabilitering av eksisterande anlegg kan delfinansierast gjennom spelemidlarordningar. I tillegg finns det ein rekke andre eksterne midlar kommunen og frivillige lag og organisasjonar kan søkje om (sjå avsnitt eksterne midlar).

Stad kommunestyre set årleg av øyremerkte midlar til frivillig idrett- og kulturarbeid, med mål om å fremje eit aktivt og allsidig aktivitetstilbod i tråd med kommunen sine målsetjingar. Aktivitetar for barn og unge og aktivitet tilrettelagt for personar med spesielle behov er eit prioritert satsingsområde ved bruken av midlane. Stad kommune løyver elles, direkte eller indirekte, midlar til ulike lag og organisasjonar gjennom ordinært årsbudsjett og investeringsbudsjett.

Eksterne midlar

Spelemidlar til ordinære idretts- og friluftsanlegg

Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er heimla i lov om pengespel, der det går fram at 64% av overskot frå Norsk Tipping AS skal gå til idrettsformål. Kulturdepartementet har gitt fylkeskommunen fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Dei som ynskjer å bygge idrett- og nærmiljøanlegg kan derfor søke om tilskot til spelemidlar.

Anlegget skal vere ein del av ein vedtatt kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Stad kommune har derfor eit handlingsprogram til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet som blir rullert årleg. Stad kommune ber lag og organisasjonar om innspel og på denne måten får høve til å få lagt inn planlagde tiltak som kan gje grunnlag for spelemidlar kvart år.

- Nye anlegg/tiltak som er spelt inn blir lagt inn i handlingsprogrammet
- Anlegg/tiltak som ligg i vedteken handlingsprogram frå før blir, unnateke dei som allereie fekk tildelt tilskot.
- Anlegg/tiltak som ikkje lenger er aktuelle er fjerna
- Anlegg/tiltak som er planlagt lenger fram i tid enn 4 år, ligg i langtidsprogrammet

Det er ikkje utan vidare gitt kva type anlegg som fell inn under tilskotsordninga for spelemidlar. At eit anlegg ligg i handlingsprogrammet betyr såleis ikkje at anlegget automatisk er godkjent for spelemidlar. Kommunedirektøren har valt å ta inn alle innspel til nye anlegg i handlingsprogrammet, men det er fylkeskommunen som ved etterfølgjande søknadsbehandling av spelemiddelsøknaden tek stilling til om søknaden oppfyller vilkåra for spelemidlar og om anlegget skal få tildelt midlar.

Stad kommune ber Stad Idrettsråd om uttale til handlingsprogrammet og ei uttalen blir lagt til den politiske saken.

[Tilskot innan friluftsliv](#)

[Tilskot innan fysisk aktivitet](#)

[Tilskot innan idrett](#)

[Tilskot til tryggare skuleveggar og nærmiljø](#)

Menneskelege ressursar

Arbeidet med fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett er tverrfagleg organisert i Stad kommune. Det er ulike einingar som jobbar innanfor fagfeltet, men hovudansvaret ligg i stabseining «Strategi og samordning». Det er satt av årsverk som jobbar mellom anna med idrett, friluftsliv og spelemiddelordningar.

Rullering av handlingsprogram til kommunedelplanen

Tiltaka som er beskrive i kapitla «Sånn gjer vi det – Handlingsrom» skal innarbeidast og konkretiserast i det årleg handlingsprogrammet som vert rullert i samband med fordeling av spelemidlar. Nye tiltaka skal baserast på strategiane i planen. Slik sikra vi oppfølging av planen.

9.) Vedlegg

[Kunnskapsgrunnlag – fysisk aktiv i Stad](#)

[Anleggsregister Stad kommune 01.01.2024](#)

[Handlingsprogram 24 til 28](#)